

# MEDDELELSER

FRA

## DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 1

Januar 1964

62. årg.

---

Redigert av Aasulv Løddesøl

---

### ØYDELEGGJING AV DYRKA JORD

*Av fylkeslandbrukssjef J. Ø. Sandvik.\*)*

I vår moderne tid verkar verda mindre enn før. Vi kan snøgt og lett fara jorda rundt, eller sitja heime og sjå og høyra det som hender lengst burte, like lett som det som er i vår eiga grend.

Men jorda held på å verta lita elles også. Det trugar med å verta trangt om plassen. Dette merkar vi også her i vårt land.

I og kring byane har det lenge vore dyrt og vanskeleg å få byggeplass. Men også på dei *sentrale* stader i bygdene er både prisen og vanskane upåklagelege.

Det er mange ting som har vore med og skapt denne utviklinga. Først og fremst det aukande folketalet — og den kolossale tekniske utvikling.

Folkemengda og utviklinga har saman gjort det både naudsynt og mogeleg å skapa nye produksjonar og ny busetnad — med alt det som fylgjer med, t. d. handel, kommunikasjonar, skular, sentra, friareal m. m. m.

Dette er alt berre godt og vel, og heilt naudsynleg alt saman. Men noko som ikkje er så bra, det er plasseringa av alle desse gode ting.

Det er lett å sjå nå at ei slik rask og sterk utvikling krev ei grundig planlegging av arealutnyttinga og den innbyrdes plassering. Utan ei slik planløyising vil det lett verta ei sterk opphoping inntil dei gamle sentra — utan omsyn til utnytting og framsynt utvikling. Resultatet av dette ser vi overalt i bygdene våre. Den beste jorda er etter kvart oppdelt til byggeland og støttebruk med uvesentleg jordbruk. I denne kampen om arealet vert det dei føremål som kan betala best, som tek hand om dei beste areal. For store verksemdar, som berre treng etter måten små areal har jord-

---

\*) Foredrag i Hordaland Bondelags formannsmøte den 2. november 1963.

prisen lite å seia, og dei dreg gjerne av med det areal dei vil ha. Og samanlikna med den totale anleggskostnad vert grunnarealet likevel ein uvesentleg prosent av nedlagd kapital.

Med den harde tevling det er om arealet skulle det vera sjølvsgagt at det trengst ein vel gjennomtenkt plan for utnyttinga. Serleg gjeld dette for dei beste områda — dei som er tenlege til alle føremål.

Og her må jordbruket ha første retten. — Ikkje fordi at jordbruket kan betala høgste prisen — for det kan det nemleg ikkje — men fordi at jordbruket berre kan nytta ein liten del av det areal som finst her i landet. Berre 3 % av landet er brukeleg jordbruksland, og mykje av desse 3 % er heller lite høveleg for rasjonell drift.

Men diverre ser det ut som dei fleste i dette land ser jordbruket som ei heilt uturvande næring, som berre er i vegen for ei tenleg utvikling i landet. Vi får ofte inntrykk av at også dei styrande reknar lite med jordbruket.

Det er difor turvande å spørja om jordbruket er så lite verd. Truleg er det ingen som nektar det grunnleggjande og nasjonale verd som jordbruket og bøndene har for samfundet. Men når det gjeld reint materielle og økonomiske spørsmål er jordbruket i dag altfor lite verdsett. Tenk over kor avgjerande denne næringa er for sysselsettinga. Jordbruket er enno ein av dei største arbeidsplassar i landet. Og det er dessutan det fulle grunnlaget for mykje industri, handel, transport og omsetnad m. m., som gjev arbeid for folk i tusental. Det finst heller ingen annan arbeidsplass som kan overta den store arbeidsstyrken som er knytt til denne næringa.

Men det er ei annan sida ved jordbruket, som er endå viktigare. Det er nemleg jordbruket som produserar maten, som alle skal leva av. Dette ser det ut som det er ingen som kjem i hug nå lenger.

Men det er fårleg å gløyma dette. Det kan verta så altfor seint å retta det forsømde på dette området. Trass all vitskap, og teknikk og utvikling må all produksjon av organisk næring framleis gå om *planteriket*. Det er jorda og havet som leverar føda til alle menneske. Og det er til denne tid ingen ting som tyr på, at det i praksis kan finnast andre løysingar på dette. Om det nok kan tenkjast at det ein gong i framtida vert mogeleg å skapa menneskeføda på kunstig vis, så er dette likevel enno heilt i det blå og ingen ting å rekna med i vår tid.

Difor er det naudsynleg å ta omsyn til, at dei folk samfundet planlegg for, også må ha noko å leva av.

Men det er mange som trur at det er overflod av mat i verda. Men dette er så rangt som det kan verta. Millionar dør av svolt kvart år, og halve verda får lite mat. Og det mest uhyggelege er at folketalet aukar voldsomt. — Den årlege tilveksten er nå over 61 mill. Og denne tilveksten aukar for kvart år. Det er ikkje mange år sia den var 50 mill. for året.

Ekspertar i slik statistikk reknar med at til år 2000 er det over 6 milliarder menneske på jorda — dubbelt så mange som nå.

Den overproduksjon av mat som i dag finst i dei vestlege land ville ikkje nå langt til å hjelpe dei som svelt i dag, og langt mindre i framtida. — Dei sakkunnige reknar med at dei vestlege land, som i dag har all overproduksjonen av matvarer, vil sjølve få eit matforbruk i år 2000, som er 2—3 gonger så stort som i dag. Så den overproduksjon som vi har sume stader i verda er ingen ting mot det som trengst om stutt tid på dei same stader.

Sjølvsagt kan også produksjonen aukast. Men denne auken er mykje usikker. Vi kan ikkje rekna med at produksjonen aukar i takt med folketalet. Då måtte vi dubla matproduksjonen på 36 år. Og det er det knapt nokon som trur på. Men sjølv om ein greidde det, ville det då vera dubbelt så mange som nå som fekk for lite mat.

Når det spørst om å auka matproduksjonen i verda må vi koma i hug at mykje av dei unytta jordviddene har dårlege vilkår for kultivering. Serleg vanskeleg er det i dei varme strøk med lite eller ujamn nedbør. I den høge temperaturen er vasstapet så stort at det krevst svære vassmengder. Tilgangen på vatn er i grunnen ein minst like viktig faktor som jordarealet. Jord utan vatn er det ingen hjelp i.

Vi veit og at mykje jord går tapt kvart år. Det er ikkje berre samfunnsoppgåvene som tek jord ut av produksjonen. Naturkreftene tærer voldsomt på jordlaget mange stader. Erosjon ved vind og vatn er den mest kjende jordøyding på store deler av kloden. Men i dei varme stroka brenn jorda opp. Og denne brenninga aukar sterkt ved dyrking og arbeidning av jorda.

I vårt land har vi lite jord. Og dei areal som høver til jordbruk er svært små. Og utviklinga, med den sterke mekanisering av all produksjon, har ført med seg at mykje av det ringaste jordbruksarealet etter kvart vert utenleg i tevlefør jordbruksproduksjon.

Når så heile jordbruksarealet i landet er berre 10 000 000 da. — eller ca. 3 % av landet — er det klårt at dette arealet er ein minimumsfaktor som er heilt avgjerande for all utvikling i framtida. Til denne tid har her vore bra dyrkingsjord og mykje nydyrking. Men trass dette minkar jordbruksarealet heller fort. 1949—59 minka jordbruksarealet med over  $\frac{1}{4}$  mill. da. Og talet på jordbruk gjekk ned med over 16 000 bruk. Av desse var over 6 000 større enn 20 da. Men denne nedgangen er truleg liten mot den vi må rekna med i neste 10-års bolk.

Utruleg mange ringe bruk står for tur til å gå ut som jordbruk. Og meir og meir av den tungdrivne jorda vert nedlagd som jordbruksareal. Men det verste er likevel all den gode jorda som går til byggeland og andre føremål. Jordbruk som vert nedlagde eller utlagde til skog går ikkje tapt. Jorda ligg der, og kan dyrkast når dette trengst. — Men den jord som vert nedbygd går ut for alle

tider. Dette tapet av god jord har vårt land ikkje råd til. Stillinga er den at vi produserar langt mindre enn halvparten av den mat vi treng. Og sjølv om folketalet aukar mindre her i landet enn dei fleste andre stader, så er vi likevel heilt avhengige av utlandet og den matproduksjon som heile verda treng. Den dagen vi ikkje kan importera kraftfôr og matvarer vil vi med ein gong koma på ein knappare rasjon enn dei fleste andre nasjonar. Vi kan då koma i ei sers vanskeleg stilling, for di vi har så lite jordbruksarel.

Det er ufatteleg at samfundet ikkje tenkjer på matforsyninga i framtida. I dag planlegg vi alle andre ting på langt sikt. Vi har i lange tider hatt vegplanar som har gått i arv frå den eine generasjonen til den neste. Og alle andre viktige ting vert planlagt på langt sikt. Men når det gjeld sjølve livsopphaldet — for å kunna nytta alle desse planane — då er vi heilt sløve.

Det er vanskeleg å finna grunnen til dette. Men den overflod vi har av alle ting i dag må vel vera *ein* grunn. Og så tenkjer vi lite over at heile denne overfloda skriv seg frå importert mat og kraftfôr, som lett kan forsvinna på eit blunk. Så er det vel mange som trur at den kolossale folketilveksten i verda vil stogga. Det må den nok også gjera ein gong. For skal denne akselererande farten i folketilveksten halda fram, vert det berre nokre få hundradår til folket ikkje får så godt som ståplass på jorda. Slik kan det sjølvsagt ikkje gå. Det vil bli ein eller annan katastrofe lenge, lenge før det vert så gale. — Men den første dubling av folketalet kjem truleg før det er mogeleg å hindra dette. Og ei slik folkemengd på over 6 milliarder, som vi altså må rekna med om berre 30—40 år, er meir enn nok til å skapa verkeleg naud i heile verda.

Ein plan som tek sikte på å verna mest mogeleg av den jord vi har, er difor den viktigaste av alle langtidsplanar. Som før nemnt har vi lite jord i Norge. Det vert og sagt at her er dårlege vilkår for jordbruk. Og dette er heilt rett når det gjeld driftstilhøva. — Jorda er oppdelt og terrenget er ulageleg, så vi er lite tevføle med våre granneland. — Men når det gjeld vokstervilkår og avlingar har vi så gode vilkår at det er berre dei aller beste jordbruksland som går framom. Vi får store avlingar og har lite uår. I store deler av verda vert avlingane små på grunn av tørke og annan verskade, og mange stader er reine uår ganske vanleg. Og mykje av dei areal som enno er unytta har for lite nedbør til å dyrkast. Vasstilhøva er i grunnen ein mest like knapp faktor som maten. Kanhenda er det just vassmangelen som til sist avgjer levekåra på jorda.

Matproduksjonen er viktigare enn all annan produksjon, og når folk ser seg blinde på den overflod vi har i dag er det naudsynleg å minna om at denne overflod kviler på import som er dårleg sikra i framtida. Så snart det vert litt realitet i pratet om å hjelpa den halvparten av verda som har for lite mat, vil all overproduksjon verta totalt burte.

Men når dette er sagt er det naudsynleg å streka under at matforsyninga gjer ikkje annan utvikling mindre viktig. Maten er ikkje det einaste framtida vil krevja. Ei grundig planlegging er difor naudsynleg på mange områder. Og etter som det er på jorda det meste skal foregå er ingen ting viktigare enn å finna tenleg plass til det alt saman.

Ein langtidsplan for korleis arealet bør fordelast på dei ulike føremål er ikkje å koma utanom. Sjølv om vi her i landet har svært store areal som ikkje er jordbruksland, så har vi likevel ikkje noko å kasta burt med feil utnytting. Det er heller ikkje likegyldig for utviklinga korleis område vert samordna.

Nest matproduksjonen er det arbeidsplassen som set dei største krav. Serleg dei store industrieringane set sine serkrav. Budstadsfeltet set mindre krav til sjølve terrenget, men desto meir til solrike og sentrale områder med godt vatn og gode kommunikasjonar. Og i samband med alt dette kjem sentra for handel og forretningar, skular, administrasjon, sports- og friareal av alle slag. Alt dette, og meir til, må ha plass i langtidsplanen. Skal her ikkje koma nærare inn på dei einiskilde krav. Men det er klårt, at det er store areal som trengst til alle desse føremål. Den planlegging som det i første omgang vert tale om er ein regionplan — ein oversynsplan for store distrikt, helst ein landsplan — som i store drag fastlegg dei areal som bør nyttast til jordbruk, bustadsbygging, industri osv.

For ein slik plan må det settast faste føresegner om dei retningslinjer som skal fylgjast. Og arbeidet må utførast i samarbeid med alle interesser og med dei beste fagfolk på kvart område. Det viktigaste ved ein slik plan er å få spart alt godt jordbruksareal — dyrka og dyrkande jord — som er tenleg til jordbruk. Men kor naudsynleg det enn er å ta vare på mest mogeleg av det vesle jordbruksareal vi har i landet, så er det likevel uråd å unngå at det må takast både dyrkingsjord og dyrka jord til andre føremål.

Det er uråd å finna nok byggeland av alle slag utan at *noko* av arealet er jordbruksland. I eit større byggeområde vil det alltid vera noko innimellom som er brukeleg til jordbruk. Og slike småareal er det ikkje råd å plukka ut. Det ville lett øydeleggja ein kvar høveleg byggeplan. Og dessutan er slike små spreidde areal lite tenlege til tevlefør jordbruksproduksjon.

Det er først og fremst jord som kan drivast rasjonelt som må sparast, og aller mest når slike areal ligg i gode jordbruksstrok. Når det gjeld byggeland er det serleg storindustrien som det er vanskelig å finna plass til. Men dei største vanskaner kjem av manglande planlegging. Som regel finst det ingen plasseringsplanar eller områdeplanar, men bygdene fallbyr alt dei har, og let dei interesserte velja kva dei vil. At dei då vel det aller beste jordbruksareal er

godt forståeleg. Men slik planløyising (eller mangel på dette) kan bli fårleg i framtida.

Alle bygder bør få den industri som dei har naturleg grunnlag for. Men ikkje alle kan få storindustri. Det er korkje mogeleg eller ynskjeleg.

Når regionplanen er lagt kan dei ulike områder planleggast til dei føremål dei er tiltenkte og i den utstrekning det er bruk for det. I dei avsette jordbruksområder bør også leggjast langsiktige planar for bruksstruktur og produksjon.

For industri og annan utbygging vert kraftutbygginga eit sentralt punkt. Den sterke rasjonering av kraft tyr på at forbruket aukar i takt med utbygginga, og at det såleis aldri vert noko overskot på denne vara. Kraftspursmålet er difor eit viktig punkt i planlegginga. Med disponibel kraft og avsett areal med tilgang på vatn og andre naudsynlege ting, vil bygdene få all den industri som det finst naturleg grunnlag for.

— — —

Ser vi på den industri som er her i fylket (Hordaland), kan otten for jordøyding til byggeland synast grunnlaus. Ingen kan med rette seia at den gamle industrien har skada jordbruket. Vi kan tvert imot nytta den industrien som døme på at industri er like tevfør om den ikkje ligg på den beste åkerjorda, Vi har t. d. ein stor tekstilindustri som har valt seg ut dei mest jordfattige byggestader. Og den blømer og veks framifrå. Det same kan vi seia om den andre industrien som er i gang.

Kan henda ein del av denne industrien har sett altfor små krav til plassen. Og krava er nok andre og større i dag enn dei har vore. Men så har vi og massar av fint byggeland som ikkje er høveleg jordbruksland. Ja vi har mykje og godt byggeland til alle føremål for mykje meir folk enn vi kan livberga her i landet.

Men dei siste åra er det kome eit heilt anna krav til industriareal. Nå skal det helst liggja på beste jordbruksarealet. I dag ser vi over heile landet bulldozar og gravemaskiner som sopar burt store vidder av god jord — og gardane vert nedlagde i lange banar. Verst er dette kring Oslo og i dei landsdeler som har mykje jord. Men finst det eit bra areal så jammen leitar ein det opp her på Vestlandet også.

Til denne tid er det likevel den spreidde bustadbygginga som har gjort mest skade på jordbruket her. Med deling av bruka og frådeling av einskilde tomter har bruka i lang tid vorte oppdelte og reduserte med det resultat som vi ser i dag, at den beste jorda er nedbygd som bygdesentra, og jordbruket slit med meir tungbrukt jord i utkantane.

Og etter kvart som også bygdefolket vert innlevde med at det går an å leva utan gard, vil dei søkja burt frå dei små tungbrukte gardane. Dermed får vi det store fråfallet, som vi enno berre ser

første tendensen til. Om denne utviklinga ikkje skal gå altfor langt må vi straks få fastlagt kva arealet skal brukast til. Først og fremst kva som skal vera til jordbruk.

Framlegget til ny bygningslov er inne på dette med regionplan og generalplan. Men med den innstilling vår tid har til jordbruket er det tvilsomt om lova vil gjeva jordbruket ein rimeleg plass i dette arbeidet. Etter den plass jordbruksinteressene har fått i framlegget vil det knapt verta teke forsvarleg omsyn til jordbruket i framtida.

Mange vil kanskje seia at jorda kan vernast etter jordlova. Men dette er ikkje tilfelle. Når det gjeld dei store opplegg tel jordlova lite. Fekk vi derimot fastlagde jordbruksområder kan truleg jordlova med litt betre utforming verta ei tenleg hjelp til å ta vare på jorda i slike områder.

Ikkje berre bøndene men heile folket må nå ta jordspursmålet opp til ny vurdering på lengre sikt. Visst nok aukar produksjonen, og vi har vanskar med avsetnaden i dag. Men på lengre sikt må vi vera budde på ei heilt anna utvikling.

Det kan knapt vera tvil om at mange av dei unge vil oppleva eit heilt anna syn på jordbruket enn det som er det vanlege nå. Kan henda den tida nærmar seg, då jordbruk vert ei lønsam næring, som vil ha høgste prioritet i alle land. Og mange nedlagde bruk og mykje tungbrukt jord vil atter koma i full produksjon.

---

## NY TORVSTRØFABRIKK

*Av konsulent Ole Lie.*

I løpet av høsten 1962 og våren 1963 har fabrikkieier *Alf Ordning*, Nittedal, reist en ny torvstrøfabrikk. Fabrikkene ligger i det tidligere Hof herred, som nå er en del av det nye Åsnes i Solør. Selve fabrikkene er bygget ved fylkesveien på vestsiden av Glomma, like nord for herredsgrensen mot Grue.

Til fabrikkene hører et samlet torvfelt på i alt ca. 600 dekar. Feltet utgjør nordre del av den ca. 1500 dekar store Hundbymyra, som ligger mellom fylkesveien og Glomma, og strekker seg sørover inn i Grue herred. Myrområdet, som tidligere er undersøkt av Det norske myrselskap, ved ingeniør *A. Ordning*, er beskrevet som en typisk torvstrømyr med ren og ufortorvet kvitmose i 1.5 til 2.5 m dybde. Langs kantene finnes brenntorv under strøtorva. Avgroftingsforholdene er særdeles lette.

Produksjonen startet sommeren 1963 og er basert på maskinell stikking av torvklumpen på feltene. Det er derfor ved anlegget lagt vekt på å få lengst mulige stikketeiger for å redusere arbeidet med flytting av stikkemaskinen og utstyr fra teig til teig. Teigenes